

Sondre og Marius til Trio.

23.02.2016



Har ser vi dei to med prisen som årets toppscorar og årets spelar 2015, saman med fjarårets Rosendal-trenar Håvard Sætrevik, og mest framgangsrike spelar Hermund Døssland.

Det har lege i korta ei stund, men no har dei to lovande fotballspelarane Marius og Sondre S. Myklebust bestemt seg for å skifta til Trio-drakta. Sist sesong var begge svært sentrale på Rosendalslaget som kjempa om opprykk til 5.divisjon. No vert det 4.divisjonsspel saman med eit ungt Trio-lag som vert utviklingsarenaen deira.

Både Sondre og Marius Myklebust var svært sentrale på Rosendalslaget i fjarårsseongen. Spissen Sondre utmerka seg som ein goalgetter som scora mål på bestilling. Heile 22 scoringar hadde han i 6.divisjon, og han vart dermed laget sin suverene toppscorar. Midtbanespelaren Marius var ein av dei som fora Sondre med dei rette pasningane, og han viste også elles konstruktivt og godt midtbanespel. Marius vart kåra til årets Rosendalspelar på årsfesten til Rosendal turnlag etter sesongslutt.

Det vert spennande å følgja utviklinga til dei to unggutane etter at dei no har gått to hakk opp. Grunnlaget har dei lagt mellom anna gjennom mange timer leik med ballen i ballbingen i Korsnes. Der er dei framleis å sjå i ledige stunder.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ragnvald Myklebust.